

Uskedal Utvikling

Møtereferat



Dato: 04.09.2013
Stad: Gamleskulen
Deltakarar: 15
Referent: Kristian Bringedal

Ope møte i Uskedal Utvikling

Kristian Bringedal opna møtet.

Agenda: Sentrumsplan / områdeplan

Kjartan Thoresen frå Kvinnherad kommune orienterte. Sjå side 2 til 9.

Til neste møte i Uskedal utvikling, skal det vera klar ein plan for organisasjon og framdrift.

Områdereguleringsplan for Uskedalen

Innlegg på møte i
Uskedalen Utvikling 04.09.2013

Kommunestyret 30.05.2013:


*«Det blir sett av kr.250.000,- til
utarbeiding av ein områdeplan for
Uskedalen sentrum. Finansiering med
auka låneopptak.»*

- Vedtaket vart gjort i samband med handsaming av revidert budsjett for Kvinnherad kommune.
- Forslaget vart sett fram i kommunestyremøtet av fleirtalskoalisjonen.
- Pengane er no sett av i kommunen sitt investeringsbudsjett.


Planstrategi for Kvinnherad 2011-2015

Pri.0	Plan	Skildring	Merknad
S1	Kommunedelplan Sandvoll- Matre - Åkra	Planen ligg ute til høyring og offentleg ettersyn	Eigne ressursar
S2	Kommunedelplan Fv 48 Løfallstrand	Arbeidet starta opp, konsulent skal nyttast	Finansiert
S3	Kommunedelplan ferjekai Varaldsøy	Arbeidet starta opp, konsulent skal nyttast	Finansiert
S4	Strandsoneplan Sunnhordland	Samarbeid med dei andre Sunnhordalandskommunane. Konsulent skal nyttast	Løyvd 1mill i 2015.
S5	Kommuneplan, samfunnsdelen	Prioriterte tema: Fornybar energi, havbruk, senter– og utbyggingsstruktur, transport, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap, integrering temaplanar.	Eigne ressursar
S6	ROS-analyse	Lovpålagt	Eigne ressursar
S7	Kommuneplan, arealdelen	Oppretta felles kartdel utan nye utbyggingsområde. Felles samordna føresegner	Eigne ressursar
S8	Kommunedelplan Husnes/Sunde	Nye utbyggingsareal og infrastruktur må vurderast	Eigne ressursar
S9	Områdeplan Valen	Vurdera infrastruktur i samband med utbyggingsomr.	Eigne ressursar
S10	Kommunedelpan Ros, Omv, Seimsf.	Vurdera eksisterande og nye utbyggingsområde	Eigne ressursar
S11	Landbruksplan	Rullering	Eigne ressursar
S12	Stadanalyse Uskedalen		Ikkje finansiert

Kommuneplanen



Reguleringsplanar



Områdereguleringsplan

- **§ 12-2. Områderegulering**
 - Områderegulering brukes av kommunen der det er krav om slik plan i kommuneplanens arealdel, eller kommunen finner at det er behov for å gi mer detaljerte områdevise avklaringer av arealbruken.
 - Områderegulering utarbeides av kommunen. Kommunen kan likevel overlate til andre myndigheter og private å utarbeide forslag til områderegulering.
 - For områderegulering som innebærer vesentlige endringer av vedtatt kommuneplan gjelder § 4-2 andre ledd.
- **§ 4-2. Planbeskrivelse og konsekvensutredning**
 - Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området.
 - For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse - konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn.

Kva kan ein få for ein kvart million?

- Ikkje realistisk med ein heil plan for denne prisen
- Samla kostnad truleg opp mot ein million, avhengig av geografisk og tematisk avgrensing
- Kva tilleggsfinansiering er mogleg?
- Kan dette gjerast etappevis?
Td.: Arealstrategi/stadanalyse -> planprogram
-> utarbeidning av plan

Viktige moment

Initiativet til denne områdeplanen kom frå Uskedalen.

- Kva målsettingar skal ein ha for planen?
- Korleis ønskjer ein at planarbeidet skal organiserast?